

Lad – ein hovudbunad av gamalt opphav

Av Aagot Noss



95

St. Svithun, Stavanger Domkirke. Hovudbunaden er kan hende eit lad.



Truleg Håkon V Magnusson (1270–1319),
Stavanger Domkirke.

Ordet lad går attende til gamalnorsk hlað (m.sg.) laga til verbet hlaða, som tyder å leggje noko i ein viss orden anten ved sida av eller oppå einannan så tett at botnen er gøymd. Lad er til dømes eit rektangulært avstiva stykkje ty, så tett sett med prydnader at botnen er gøymd. Ladet vart bunde om hovudet.

Hovudbunaden hlað er omtala i den gamalnorske litteraturen og er då sagt å vera bruka av både mann og kvinne: Såleis heiter det om Håkon Jarl at han, då han vart leidd fram for Olav Haraldsson, hadde ”bundit gullhlaði um hofud sér”. I Flateyjarbok II, s. 478 er det fortald om ei velsk dronning at ”... Hon hafdi laust haarit sem meyum er titt og hafdi lagt gullhlað at enni sér” (Berge, 1925, sp. 198, jamfør Falk 1919, 32).

I bevart folkedraktmateriale er fleire brure- og jentehovudbunader prydde på ladvis. Nemningane kan vera lad eller samansetjingar som brure-, vrins-, utmannlad, eller det er andre nemningar. Det er ikkje, etter det eg kjenner til, bevart ein einaste manns ladhovudbunad. Interessant i denne samanhengen er hovudbunaden på skulpturane framstilt på veggene på Stavanger Domkirke: St. Svithun og truleg den eine sonen til Magnus Lagabøter, Håkon 5 Magnusson (1270–1319) har ein hovudbunad som er bunden om panna. Mitt spørsmål er, kan det vere lad, altså sagaens gullhlað?

I det følgjande omtalar eg somme av dei bevarte ladhovudbunadene og tek til med brurehovudbunader.

Brurehovudbunader

I Norsk Folkemuseum sine samlingar er nemnd ein hovudbunad ”Brudekrone Setesdal?” som eg meiner kan heimfestast til Telemark. ”Dette er hovudbunaden: Til eit rektangulært underlag, stelt til av fleire lag ty og trekt med raudt ty, er festa fem rader støler av ulik storleik og med ulike ornament. Langs øvrekanten er ei rad med maler med rombelauv. I stuttsidene sit to par knyteband. Prydnadene sit så tett at dei går kant i kant, og heile botnen er gøymt. Hovudsølvet er såleis lik ladet, gamalnorsk hlað.



97

Hovudsølv, truleg Telemark. Eit fleirlaga underlag kledd med raudt ullty er påsett seks rader forfylte sølvprydnader, 94 i alt. Prydnadene er sett så tett at botnen er gøymd. Knytebanda er 50 cm lange og 15 cm breie. (NF 1908-165. Foto Bjørg Disington.)



Hovudsølv ser ut som ei krone når det er bunde ihop med knyteband.
(NF 1908-65. Foto: Bjørg Disington.)

Heimfesting

Samanliknar ein "brurekrone" med vrinsladet som har vore bruka i Setesdal, ser ein at grunnforma er annleis. Brurekrona kan såleis ikkje heimfestast til Setesdal.

Det er, viser det seg, godt samsvar mellom topografane i Telemark sine opplysningar om det dei kallar "hovudsølv" og "brurekrona" til Norsk Folkemuseum. Slik skildrar Hans Jakob Wille brurehovudbunaden som har vore bruka i Seljord på slutten av 1700-talet: "Paa Hovedet bær hun en Krone af Sølv, eller i Mangel deraf et Hovedsølv, syet paa rødt Klæde, vægtig til 3 til 4 Skaalpund, men er hun Enke eller besovet, har hun et Hovedpynt kaldet Skout" (Wille 1786, s. 258). Og Johann M. Lund skriv: "Paa Hovedet har Bruden en Art af Krone, som ellers her kaldes Hoved-Sølv, af nogle Stykker sammensyet rødt Klæde tæt besat med forgyldte Sølv ... (Lund 1785, s. 151).

Interessant er at brura på Johannes Flintoe sitt måleri, truleg ca. 1835, av eit brurefylgje ved Heddal stavkyrkje, har hovudsølv likt det som Norsk Folkemuseum eig. Sjå bilete.

Det er, slik eg ser det, godt samsvar mellom "brurekrone" og det gamalnorske hlað. Brurekrone er med andre ord ein ladhovudbunad som ligg nær opp til eller er lik det opprinnelige ladet.

Brurehovudbunaden *hårlag*, det er lad lagt oppå håret, er ein parallell til den nyss omtala "brurekrona". Einaste skilnaden er at hårlaget som høyrer heime i Ål og Hol, Hallingdal er prydd med fleirfarga glasperler og med band. Underlaget er rektangulært og så tett sett med glasperler at botnen er gøymt, bilete side 101. Jentehovudbunadene, perlebandet i Valdres og den perleprydede jentebora i Sogn, er av same typen.

Ei vidareføring av ladtypen med sølvprydnader har ein til dømes i det såkalla bruresølvet i Jølster, bilete s. 100. Det er etter det eg kjenner til, fire sølv i privat eige, alle i Jølster. Sølvet blir nemnt etter garden det er på, eller opprinnelig har høyrte heime på.



Brurefylgje ved Heddal stavkyrkje. Brura med hovudsølvet står i midten, brudgommen med brudgomsdalar lengst til venstre.
Johannes Flintoe. Gouache. Det kgl. Slott, Oslo. Foto: Kjartan P. Hauglid.



Brursølv, Jølster. Avstiva underlag, valk etter øvrekanter. Kledd med raudt firskaff ullty.
Langs øvrekanter 14 støler med fire spyd i kvar støle. To rombelauv i den øvre, to filigransroser i den nedre spydrada. Tre rader med mindre sølv, støler med skållauv, borespenn med skållauv og krosslauv (Jølster nr. 78a. NF Lysbilette 13567).




101

Korilstein-hårlag, Ål og Hol (Bd. 2623.)



Jentebore, Vik. Trædd fleirfarga perlemønster, sikksakkborder og trekantar festa til raudt ullty. Store farga glasperler etter bakkanten. Sølvblonde etter framkanten. (DHS 6490, jamfør korilstein-hårlag Ål eller Hol.)



SKJEMATISK SNITT GJENNOM RULLEN



NF 1648-15 BRU' RULL, VANG, VALDRES
blad 2

Bygday - 88
S.M.



Brurerull, Vang i Valdres. Hjulet på valken er påsett ei sølvblonde og ei rad store blå og blanke glasperler langs ytterkanten. Støler i tre rader er festa til rullen bak. Nakken er open. (NF 1648-14.)

Bruresølvet er eit rektangulært stykke raudt ullty med ein valk langs øvrekannten trekt med raudt ty. I stuttsidene er tre eller fire par knyteband.

Sølvprydnadene er påsette i rader på ladvis. Til valken er festa ei rad støler, i kvart spyd heng eit ornament, så som rombelauv, filigransrosetter med t.d. skållauv. Tydelen er påsett to eller tre rader borespenne (huldre- og Ysteig-sølvet), eller det er ein kombinasjon av borespenne og støler slik som tilhøvet er med Grova- og Kvams-sølvet, og likeins med sølvet i Bergen Museum.

Ein annan brurehovudbunad som høyrer heime i denne gruppa, er *brurrullen* i Valdres. Hovudsølvet er festa til ein valk, og lik kjerjegrullen bruka under den kvite hetta. Skilnaden mellom dei to rullane er at kjerjegrullen har raudt lok over nakkeopninga, brurrullen er utan. Dei bevarte brurrullane har fastsydde sølvprydnader. Bilete side 103.

I Nes i Hallingdal er den eldste bevarte brurehovudbunaden ei såkalla brurekrona av raudt ullty påsett prydnader. Krona ser ut som ei høg luve eller ein hatt. Bilete side 105.

Det er etter det eg kjenner til, tre bevarte kroner, ei i privat eige og to som Hallingdal Folkemuseum eig (HFN 3138 og HFN 3603). Krona er stelt til på dette viset: Eit rektangulært, ca. 15–17 cm breitt stykke raudt ullty avstiva med eit mellomlegg, fôra med ullty og sydd ihop med saum midt bak. Langs øvre- og nedrekanten er prydband, metallkniplingar og/eller andre band. Sølvprydnadene, søljer, spenne og anna vart påsette kvar gong krona skulle brukast, seier eigaren av krona i privat eige. Dei to museums kronene derimot er stelte ferdige til bruk. Langs øvrekannten sit ei rad støler, elles er det store lauv-søljer og spenner av ulike slag (HFN 3138, bilete s. 107). Over nakkeopninga er lagt eit lok eller ein slag pull.

Ei gruppe ladhovudbunader er med lause eller faste sølvprydnader påsett ein valk.

I Setesdal har såkalla vrinslad vore bruka i alle høve frå slutten av 1600-talet og langt inn i andre halvdel av 1800-talet. Ladvrinsen var ein avstiva konisk valk trekt med raudt ty. Sølv, søljer og maler har vore sett på kvar gong det skulle brukast.



Krone, Nes i Hallingdal. Raud ulldamask. Etter nedre- og øvrekanten sit ein metallknipling.
Trosken er påsett søljer, og borespenne, og langs øvrekanten er ei rad støler. Pullen er ein korilsteinbrystklut.
(HFN nr. 3138.)

Vrinsladet vart avløyst av utmannsladet som det vart kalla i Setesdal, eller ladet som nemninga var i Åmli, Tovdal, Sjøvdal, dei ytre bygdene i Aust-Agder og heimstaden til utmannsladet. Ladrullen er halvmåneforma og laga av halm eller noko anna stivt og kledd med ullty. Sølvvet, søljer og maler vart sette på kvar gong det skulle brukast.

Reisle eller reitle blir den tradisjonelle brurehovudbunaden i Vest-Agder kalla. Nemninga *reisle*, ei (Eiken), *reitle*, ei (Fjotland) er kan hende samansett av *reis* som første og *la* som siste lekk. Spørsmålet er om tolkinga beint fram kan vera lad som reis eller står opp. Ei slik tolking kan seiast å gi ein god karakteristikk av hovedbunaden.

Reisle er samansett av to delar. Der er ein valk kledd med raudt ullty og prydd på ladvis med farga glasperler og metallband. Bakkanten er påsett ei grind, eit slag vifteforma reisverk med prydnader, så som rosetter, sølv-vedheng og påfuglfjør. Valken er lik "vasen" eller "rinsl" som høyrer skautehovudbunaden til.

Brurelad eller lad er nemninga bruka om brurehovudbunaden i Vest-Telemark. Ladet er ein valk eller "rudd" kledd med ty, helst raudt, og påsett fylte sølvprydnader. Sjølve valken, laddruden, er av same type som kjeringsruden brukt til skautehovudbunaden. Vanleg brukt ladsølv er rektangulære eller firkanta støler, små firkanta plater med ornament, filigrans- eller støypte maler, også skållauv. Vedhenget er rombelaav av ulike slag, forutan skållauv. Kva slag sølv og kva som er bruka saman varierer frå eit lad til eit anna. Påsetjingsmåten derimot er den same. Framsida av ladrullen, er alltid påsett sølvprydnader, lagd på ladvis så tett at heile botnen er dekt.

Ladet i Vest-Telemark har fleire "skyldfolk". Brurehovudbunaden på Voss, kalla brurekrone, er ein valk kledd med raudt ty og prydd på ladvis med farga glasperler og også med sølvprydnader. Ved øyro og langs kantane heng filigransornament. Valken er same type som skautevalken laga av halm- og stråfletter trekt med skinn og fôra med raudt ullty. Brurekronene var heimelaga, og det var kvinnearbeid. Perleprydnadene trødde dei sjølve, men sølvprydnadene var det sølvsmedane som laga.



Vrinslad. Valken, ladvrinsen er avstiva, trekt med raudt ullty og påsett ei rad maler etter øvrekanten og søljer. (NF foto 13791 A.)



Utmannlad, Bygland. Rudden er trekt med raudt ullty og påsett maler. (NF 1936-0223.)



Lad, Fyresdal. Framsida er tett sett med små firkanta forgylte støler med eit skållauv i kvar. Ei rad kulemaler med rombelauv sit langs kanten. Silkeband skal henge ned bak over det utslåtte håret. (NF 1898-828.)



Brurekrone, Voss. Valk med perleprydnader. Stuttsidene er påhengde hjarteforma spenner med filigransroser og skållauv. (NM 15.454.)

Jentehovudbunader

I folkedraktmateriale er det døme på jentehovudbunader prydd på ladvis.

Bona er kjend i Telemark, men jentehovudbunaden bona er ute av bruk. Ordet bona (ein), eig. bunad, gamalnorsk bunadr, har samanheng med gamalnorsk bua vb. ”klæda, pryda, buinn, pret.part., prydd med eitkvart, jamfør ”buinn silfri”, ”buinn gullri”, prydd med sølv eller gull. Det ser ut til å ha vore to variantar. Eldst er bune stelt til av eit rektangulært tystykkje påsett sølvprydnader og kan hende annan slag prydnad, så som perler. Det vart bunde om hovudet og festa ihop med krok og hekte. Jente-høgtidshovudbunaden har vore eit tystykkje, truleg raudt, påsett sølvprydnader. Det var bunde om hovudet og håret heng laust etter det Johannes Franck forklårer på dette viset: ” ... Og er det en Pige har hun kun et Smykke paa Hovedet, bestaaende af en Deel udarbeidet Sølv Forgylte Kubber, med Løv syet paa et Stykke Tøi, som bliver bunden dem omkring Hovedet med nedhængende Haar, ...” (Franck, ms. 1569, 1782, s. 61).

Det er uklårt kor langt inn i det 19. hundreåret *bona* har vore brukt. Berge har opplysningar som går ut på at bona har vore registrert i skiftetilfang i tidbolken 1665–1723. Yngre er bona, ein valk påsett sølvprydnader. Når bonasølv vart flutt over på valken er uvisst.

Bunen i Telemark, eit rektangulært tystykkje påsett sølvprydnader, ser ut til å ha sin parallell i bunen, ein jentehovudbunad bruka til høgtids i Setesdal. Han er kjend frå slutten av 1600-talet og har vore i bruk noko inn på 1800-talet. I Norsk Folkemuseum sine samlingar er det ein del av ein ”*bune*” som har vore på garden Kyrvestad i Valle (NF 1913-0944).

Samandrag

Medan hlað i vikingtid og sagatid har vore bruka av både menn og kvinner, har ladet i folkedraktene våre vore bruka berre av kvinner, då som jomfrusymbol. Når overgangen frå allmenn (hlað) til spesiell ladbruk har gått føre seg, er eit spørsmål som ikkje er klårlagt.

Ladet har vore brukt som jente- og brurehovudbunad i norske folkedrakter i alle høve frå andre halvdel av 1600-talet og til det siste. Lengst har det halde



Bona, Vinje. "Brugtes af Piger, kaldtes Bonad." Jenterudd trekt med raudt ullty. Framsida er påsett ei rad gotiske maler, 11 i alt, ei rad forgylte plater med pressa ornament og eitt skållauv i kvar, 20 i alt. Langs innerkanten er ein sølvknipling. Baksida er prydd med ein sølv- og ein gullknipling. (NF 1680-15. Er innkomme til Etnografisk museum i 1850.)

seg til seremonielt bruk, for framleis (2010) blir ladet brukt anten som sjølstendig bruehovedbunad eller som del av kronehovudbunaden.

Hovudsølvet/ladet og bonaen har hatt same utviklingshistorie. Sølvprydnadene er påsett:

1. rektangulært tystykkje (hovudsølv/lad – bune),
2. kjerinjrull og jenterull (lad – bona).

Prydnadsmåten har vore den same for så vel fast som laust sølv, perle- så vel som bandprydnad. Prydnaden vart påsett på ladvis.

Ladet er nytta om hovudbunader same kva type underlag eller kva slags prydnad det er. Somme stader er det skilje i nemningsbruken mellom ”rull” utan og med sølv. Det er ladrull og lad (Vest-Telemark og Åmli), utmannrudd og utmannslad, ladvrins og vrinslad (båe Setesdal).

Ladområdet: Lad brukt som jente- og bruehovudbunad eller berre som bruehovudbunad er registrert i eit belte i midt-Noreg. Det er i øvre Valdres, Ål, Hol og Nes, Sigdal, Eggedal og Krødsherad i Buskerud; Telemark; Aust-Agder; Vest-Agder, forutan Voss i Hordaland og Jølster i Sogn og Fjordane.

Av det som er sagt ovafor, går det fram at ordet lad, anten aleine eller i samansetjingar, er brukt om hovudbunader ferdig til bruk.

Mannshovudbunader

Som nemnt, er det ikkje bevart nokon mannshovudbunad av ladtypen. Vender ein seg så til hovudbunaden på Stavanger Domkirke, er det hovudbunader som er sett nedpå eller bunde om hovudet. St. Svithun ser ut til å ha ein hovudbunad med påsette prydnader. Det same har Håkon 5 Magnusson og den eine kanniken som både har ein hovudbunad med roser påsett eit underlag. Etter dette ser det ut som manns-ladet har vore med prydnader slik kvinnehovudbunader i folkedraktene våre har vore det. I den refererte utsegna om bruken av gull-hlað er det ikkje nokon definert skilnad mellom manns- og kvinnehovudbunad. For bileta på Stavanger Domkirke, sjå Inge Bruland: *Stavangerkatedralen*, 1999, s. 24, s. 53 og s. 56.

Krone – ladhovudbunad

Krone i metall er yngre enn ladet. Då krona kom, vart ladet tilpassa og bruka saman med krona. Det er det såkalla onnsylveret, onnebinne, underbinding, bruka som feste for krona. Pannebora bruka til å gøyme påbindinga av krona er ei vidareføring av ladet.

Krona blir sett ned på hovudet og festa til eit underlag. Det er eit rektangulært, fôra eller avstiva stykkje raudt ty påsett sølv-, og band eller perleprydnader. Nemningane er fleire. Det er til dømes onnesylver (Fana, Hålandsdalen), underbinding (Hardanger) eller onnbinne, som det heiter på Osterøy. Dei har sølvprydnader og er stelte til på same vis som eit hovudsølv. Slike har vore bruka også i Hålandsdalen, Os, på Sotra og på Tysnes. Perlekrona (Rogaland) kan ha fastsydd bore, ikkje særskild underbinding. Førstelekken i nemningane er ”onne” eller ”under”, noko som viser til at det vart plassert under eitkvart, det er då under krona. Andre lekken er anten ”sylv”, som viser til prydnaden, eller det er ”binne/”binding”, som refererer til at det vart bunde på.

Krona har anten vore:


- a) snørt med ei snor til onnesylveret (Fana),
- b) hekta med krokar ned i onnebinne (Osterøy), eller
- c) knytt fast med band som sat i krona (Hardanger).

Mi meining er at onnesylveret er det opphavlege brurehovudsølvet og at kronhovudbunaden kombinerer to hovudbunader: Det eldre hovudsylvet/ladet og den yngre krona. Då krona kom, har dei i staden for å leggje bort hovudsylvet, tilpassa og inkorporert sylvet i kronehovudbunaden – hovudsylvet er blitt ”onnesylver”.

Underbinding bruka til sølvkrona og til perlekrona er båd ei vidareføring av bora prydd på ladvis, brukt som sjølvstendig hovudbunad: ”I Tørvikbygd bar ”belapika” eit slikt panneband (= underbinding) med sylvstas på og silkeband over laust hår dagen føre bryllaupet, er det fortalt.” Dette er då ein reminisens av den opprinnelege bruken. Den sølvprydde bora (= hovudsølvet) har, etter det som er sagt ovanfor, halde seg som hovudbunad brukt av belapika etter at krona er komen i bruk og bora er gått over til å bli underbinding.



Brurekrone, Osterøy. Datert 1848 (P.e. NF foto.)



Onnebinne, Osterøy. Høyrer saman med krone, bilete over. Eit rektangulært raudt tystykkje er påsett ei rad støler og ei foldelagt blonde. Onnebinne blir påbunde og så blir krona sett på. (P.e. NF foto.)



Brur. Fana. Krona er sett nedpå onnesylveret og skal bindast på. (Noss reg. og foto Fana ca. 1960.)

Brurekrona går attende på ei yngre form av Maria-krona som hadde tatt opp i seg bandet eller kransen, jomfru Maria sitt særkjenne.

Samandrag

1. Ladet er eldre enn krona.
2. Ladet er, i område der krona er tatt i bruk, gått inn som ein del av kronehovudbunaden.

Kva tid krona vart teke i bruk for første gong i vår samanheng, har eg ikkje noko sikkert svar på. Fleire bevarte kroner skriv seg frå andre halvta av 1600-talet. Krona er omtala som eit alternativ til hovudsølvet i manuskriptet SAA MAATA datert 1723. Ein må gå ut frå at krona er tatt i bruk til ulike tider dei ulike stader.

Krone høyrer heime mellom anna i Rogaland; Hordaland bortsett frå Voss; Sogn og Fjordane bortsett frå Jølster; Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Gudbrandsdalen.

Også i krone-området er hovudbunader av ladtypen, anten som sjølvstendig jente- eller brurehovudbunad, lever ladet vidare som del av kronehovudbunaden.

(Du kan lesa meir om emnet i: Aagot Noss: Lad og krone. Frå jente til brur. Oslo 1991)

Litteratur

- Andersen, Ellen: Danske Bondedragter. 1961
- Berge, Rikard: Norsk Bondesylv. 1925
- Bruland, Inge: Stavangerkatedralen. Vår enestående nasjonalhelligdom. Stavanger 1999.
- En liden Krønike Saa Maata: At Beskrive de her i Bergenhuuslehn og udi Oster fiorden bosidende Striler Deres optugtelse, Klædedragt, Arbeide, Skick, Sprog og Cermonie. Oster den 3 Juni Anno 1723. I: Frå Fjon til Fusa 1972, s. 7-60. Register og merknader ved Brynjulf Alver.
- Falk, Hjalmar: Altwestnordische Kleiderkunde. Kristiania 1919.
- Folkevennen VIII, 1859.
- Giellebøl, Rejerus: Beskrivelse over Sætersdalen i Raa byggelagets Fogderi i Christiansand Stift. I: Topografisk Journal, bd. 8 hft. 26. 1806.
- Lund, Johann M.: Beskrivelse over Øvre Tellemarken. Kbh. 1785.
- Noss, Aagot: Lad og krone. Frå jente til brur. Oslo 1991.
- Noss, Aagot: Draktskikk i Aust-Telemark. Mangfald og endring. Oslo 2010.
- Stuland, Gudrun: Hardangerbunaden før og no. Oslo 1980.
- Sunnhordaland Tidsskrift XV, 1934.
- Svensson, Sigfried: Skånes folkdräkter: En dräkthistorisk undersökning 1500-1900. Stockholm 1935 (Nordiska museets handlingar).
- Wille, Hans Jakob: Beskrivelse over Sillejords Præstegield. Kbh. 1786. Ny utgave 1989.

Museumssignaturar brukt i artikkelen

HFN – Hallingdal Folkemuseum

NF – Norsk Folkemuseum

NM – Nordlandsmuseet

SUMMARY

LAD – A HEAD-DRESS OF AN OLD TRADITION

The term *lad* is derived from the old Norse word *hlað* (n.sg.) *hlaða* (vb.), which means to lay something in a certain order, either on top of each other or side by side like a pavement. A head-dress decorated with ornaments, i.e. silver pieces, beads or ribbons attached to a base layer of cloth or support of any kind, in such a fashion that the base layer can no longer be seen, is, as I see it, a *lad*

The *lad* – head-dress is mentioned in the Old Norse literature and is said to have been used by both men and women. Thus, when earl Håkon was presented to Olav Haraldsson he had "bundit gullhlaði um hofuð sér" (tied the golden *lad* around his head). In *Flateyjarbók* II, p. 478 the head-dress of a walish queen is described: "Hon hafði laust haarit som meyjum er titt og hafði lag gullhlað at enni sér" (She had open hair as the unmarried often had and had golden *lad* tied around her forehead.)

In the folkdress-tradition there is quite a number of head-dress ornamented as a *lad*. The head-dresses have been used by unmarried women and brides. There is not a single man's head-dress preserved. Interesting therefor are the sculptures on the wall of Stavanger Domkirke in Stavanger showing St. Svithun and probably Håkon V Magnusson, son of Magnus Lagabøter. They have both a head-dress tied around the forehead. Could it be the *gullhlað*?

In the following I will give a presentation of *lad*-head-dresses, starting with:

The bridel head-dress.

The head-dresses are of two types: 1. *lad* head-dresses. 2. Crowns with an incorporated *lad*.

1. Norsk Folkemuseum has a head-dress that in my opinion corresponds to the *hlað* as described above. To a rectangular stiffened support guild silver ornaments are fastened so tight that the bottom is hidden, see ill. p. x. Bridal head-dresses related to this is *hårslag* (i.e. *lad* on top of the hair) the bottom being covered with coloured glass beads, ill. p. x. For head-dresses with silver ornaments, see the bridal silver, Jølster ill. p. x, Valdres ill. p. x, Nes in Hallingdal ill. p. x.

TERMINOLOGY

The term *lad* is commonly used in the eastern regions of Telemark and in Aust-Agder. Once again, there is a large group of terms usually made up of two words:

1. The main word is *lad*, frequently with a prefix pertaining to certain characteristics, such as *utmannlad*: "the head-dress comes from outside the valley", or *vrinslad*: "the hair is twisted in a knot, or *reisle*: "the *lad* is upright", or even *hårslag*: "*lad* on top of the hair".
2. The other main word in this group determines what specific type of head-dress it is, for example *brurehatt* (hat), *brurrull* (support), *brurekrone* looks like a (crown), *bruresølv* (decorated with silver), or *krans* (wreath). In each of the above cases the prefix is the word for bride.

TYPE

The shape or form of the base layer of fabric can be classified into two main groups:

1. Rectangular shaped base fabric: *Hårslag* – Ål and Hol (ill. p. x). *Brurekrone* – Nes (ill. p. x). *Bruresølv* – Jølster (ill. p. x). *Hovudsølv* – probably Telemark (ill. p. x).
2. Supported base fabrics which can be split into two groups:
 - a) Supports or ribbings used only in the bride's head-dress (ill. Setesdal).
 - b) Supports or ribbings of the same type used both in the

bride's and the married woman's head-dress (ill. Vang and Slidre, Vest-Telemark, Voss, Vest-Agder).

DECORATIONS

The ornaments were sewn onto the base layer, and were usually beads, ribbons, artificial flowers, or in some cases silver ornaments. In the lattercase, the silver would now and then be loose, and only sewn on for occasions.

Families would lend each other silver ornaments to wear on their wedding day. Even so, the ornaments would always cover up the base layer of fabric in accordance with tradition.

In Setesdal and Åmli in Aust-Agder and in the western parts of Telemark, there is one term for the support without silver ornaments and another for the support with silver ornaments. When the silver is attached to the support, the term is always *lad*, regardless of what type or style of base fabric lies underneath. This confirms my definition that the word *lad* refers to the way the ornaments are put on, not to what they are put on.

Head-dresses for unmarried women

Type

The head-dresses can be classified, according to their form or shape, into two separate groups:

I Rectangular form:

- a) A straight front rim (Ill. see Ål and Hol in Hallingdal, Vang and Slidre, Sogn, Setesdal.)
- b) A fashioned front rim.

DECORATIONS

Group I. These head-dresses are all decorated and ready for wear, most commonly decorated with ribbons (ill. Ål and Hol, multicoloured beads combined with ribbons or metal-laces (ill. Sogn, Vang and Slidre), silver-ornaments (ill. Setesdal).

COMPARISON

The beaded head-dresses in Sogn however, are very similar to those found in Vang and Slidre (ill. p. x) and also to the bride's head-dress *hårlag* in Ål and Hol in Hallingdal (ill. p. x).

II Supported forms. (Ill. Vinje in Telemark, p. x, Voss, p. x.)

The support or bare layer is decorated with silver ornaments or with beads. There are two head-dresses having the terms: *bona* (Vinje in Telemark p. x) and *bune* (Setesdal p. x) derived from the old Norse verb *búa*, *búinn*, meaning "decorated with something".

The *bona* is of the same type as the bride's head-dress *lad*, both located to Vinje. The only difference between the two lies in the size of the support or base layer and in the size of the silver ornaments. As for *bona*, the head-dress of the unmarried woman, both the support and the ornaments are of a smaller size (ill. Vinje p. x).

The same is true of the single woman's head-dress *bune* in Setesdal in comparison to the bride's *lad* or headsilver (ill. p. x).

SUMMING UP.

Head-dresses of the *lad*-type is well known and have only been used by women, i.e. a bride and unmarried woman. In the old Norse saga *hlað* is said to have been a token of free man and free woman used by both. It does not say anything about any differences in the head-dresses of man and woman. The above mentioned cultures have both ornamented head-dresses tied around the forehead. Still: could it be the *hlað*? If so, this is seldom documentation.

THE CROWN AND THE LAD

The bridal head-dress *lad* has in same region been replaced by bridal crown made of metal. Depending on the

way in which the crown is attached to the head, it will be classified as belonging to one of the two groups below:

1. The crown is placed on the head and fastened to a rectangular piece of red fabric decorated with:

- a) silver ornaments
- b) ribbons, or
- c) beads.

120

Among the terms used are "undersilver" (Fana), "under-binding" (Hardanger). See series of photographs: dressing the bride, Fana p. x.

Undersilver and headsilver are both of the same type and it is my opinion that the former has originally been a bridal head-dress, *lad*. When the wearing of a metal crown became fashionable, instead of dismissing the *lad*, it was adopted and incorporated into the new type of head-dress. Thus the crown head-dress combines both the new and the old traditions, the crown and the *lad*. The headsilver, having been used as an independent head-dress, is turned into an undersilver and part of new head-dress, that is the crown.

2. The crown has a circular piece of padding, and the crown is fastened to the head by attaching locks of hair to the padding.

This binding on to the head is hidden by an ornamented rectangular piece of red fabric usually called *pannebore*. It is usually decorated with either silver, ribbons or even metal laces. *Jentebora* in the function of *pannebore* has been adopted as part of the crown head-dress.

With regard to the relationship between *lad* and crown, I have the following theory:

1. The *lad* is older than the crown.
2. The *lad* has been adopted and incorporated as part of the crown head-dress in districts where the crown had succeeded the *lad* as the bridal head-dress.